



TEIGEN BYGG & TRELAST AS

Opsangervegen 18

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2022/4675		15.01.2024

RAMMELØYVE (TO-TRINNSØKNAD) – delegert vedtak

Tiltak:	Deling av eigedom /utlegging av flytebrygge
Gnr/bnr:	153/9
Byggestad/adresse:	5450 Sunde i Sunnhordland
Tiltakshavar:	Rune Sjo, Røsslandslia 20, 5460 HUSNES
Ansvarleg søker:	TEIGEN BYGG & TRELAST AS, Opsangervegen 18, 5460 HUSNES
Matrikkel:	2024/26

Delegert vedtaksnr.: 2024/26

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 29.11.2022 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, kontrollplanar og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF:

- Teigen Bygg & trelast AS

Vilkår:

1. Sjå vilkår i dispensasjonen

Tiltaket kan ikkje igangsetjast før det ligg føre igangsetjingsløyve. Søknad om igangsetjingsløyve må sendast særskilt til kommunen jf. pbl § 21-2.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Dispensasjon er gitt i Sak 2023/35 23.08.2023: *Kvinnherad forvaltningsutval gjev dispensasjon frå byggegrense til sjø i kommuneplanen for Kvinnherad vedtatt 22.03.2018 - til utlegging av flytebrygge ca 16 m lengde, jf. pbl § 1-8, og frå reguleringsplan del av 153/9 m.fl. Sunde - vedtatt 17.12.2009 til flytting og deling av fire nausttomter 5 m x 7 m. Planlagde tiltak i samsvar med dispensasjonssøknad av 29..11.2022 kan difor handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande føresegner. Løyvet er heimla i pbl § 19- 2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.*

Vilkår:

1. Avkøyrsløp og parkeringsplass må opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen.

2. Stabbesteinar må fjernast og avgrensinga mot fylkesvegen må utførast som jordvoll eller liknande, som ikkje utgjør ein fare ved eventuell påkøyrsløp.»

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgderegar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- **Det er gitt løyve til utfylling i sjø, parkeringsplass og planering av arealet i sak 2020/2012, 19.08.2020 - delegert vedtak 2020/374.**
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.

Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndar.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlarsgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om igangsetjingsløyve må sendast kommunen i samsvar med rammeløyvet ovanfor vedlagt eventuelle detaljteikningar, ansvarsrettar og gjennomføringsplan. Tiltakshavar kan velja å dela opp igangsetjingsløyve, jf. pbl § 21-2. Det vert rekna gebyr for kvart igangsetjingsløyve.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Torill Slåke

Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningsutvalet

Matrikkelen